




## Årsmelding for 2015



Godkjent av årsmøte 9. mai 2016

[www.visittelemark.no/telemarkskanalen/om-kanalen/bransjeside](http://www.visittelemark.no/telemarkskanalen/om-kanalen/bransjeside)

# Innhold

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Innsats og resultat i regionalparken i 2015</b> .....	<b>5</b>
Hovudmålet er ein betre besøkt reiselivsattraksjon .....	5
Regionalparken som samarbeidsplattform .....	6
Reiseliv og anna næring .....	7
Marknadsføring og sal .....	9
Finansiering av utviklingsprosjekt .....	10
Landskapsforvaltning.....	10
Frivillig sektor .....	11
Kunnskapsutvikling og formidling .....	12
Nasjonale og internasjonale nettverk .....	12
<b>3. Nøkkeltal for 2015</b> .....	<b>13</b>



Årets høgdepunkt var 4 millionar kroner frå Sparebankstiftelsen Dnb til dei første delprosjekta i 'Vannveiens fortellinger', på Dalen og i Ulefoss.

## 1. Samandrag<sup>1</sup>

**Føremålet** til Telemarkskanalen regionalpark er å auke områda rundt Telemarkskanalen sin attraktivitet for busetting og besøk, og å få til vekst og utvikling i næringslivet gjennom å foredle dei særprega ressursane knytt til Telemarkskanalen og kanallandskapet.

**Hovudmålet i strategiske handlingsplan 2012-16** er auka besøk.

- Talet på passasjerar på kanalbåtane held seg etter måten stabilt, fritidsbåtar minkar kvart år, medan besøket på land aukar.
- Ein viktig grunn til at vi ikkje får auke på kanalbåtane er for svak innsats når det gjeld marknadsføring og sal. I heile 2015 har regionalparken arbeid aktivt saman med aktørane for å styrke det felles marknads- og salsapparatet. Arbeidet heldt fram i 2016.

I 2015 har regionalparken hatt aktivitet på alle **satsingsområda i strategisk handlingsplan**, men mest på desse områda:

- **Regionalparken som samarbeidsplattform:** 2015 var det fjerde driftsåret til regionalparken. Organisasjonen er framleis i utvikling med bygging av nettverk med og aktørane i området. I 2015 har vi spesielt styrka kontakten og samarbeidet med dei private aktørane.
- **Reiseliv og anna næring:** Vidareføring av kvalitetsutvikling med hemmelege gjester, kurs i sal & service for aktørane. Vidareutvikling av attraksjonsklynger og tilrettelegging for aktivitet. Planlegging av nye element av arkitektur, kunst og lys. Utvikling av marknads- og utviklingsplan for alle aktørar i regionalparken.
- **Marknadsføring og sal:** Ny nettside, kanalmagasinet 2015, filmar mm. Leia omfattande prosess for å avklare felles marknadsføring og sal, i eller utafor Visit Telemark.
- **Finansiering av utviklingsprosjekt:** 300 000 kroner frå fylkeskommunen og fire mill. frå Sparebankstiftelsen Dnb.
- **Landskapsforvaltning:** Kompetanseutvikling gjennom fagnettverk for tilsette. Skjøtselstiltak.

Økonomien er god og føresetnadene for fortsatt drift er til stades.

Regionalparken har kontor saman med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset i Skien. Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråværet ubetydeleg. Verksemda har ikkje vesentlig påverknad på det ytre miljø.

Kjønnsfordelinga i administrasjonen er ein mann og ei kvinne. I styret 2012-15 var det sju menn og ei kvinne. Det nye styret har 4 kvinner, 3 menn og ein som enno ikkje er oppnemnd.

---

<sup>1</sup> Samandraget oppfyller dei formelle krava til ein årsrapport.

Styret har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tor Erik Baksås. Det har hatt tre styremøte og har handsama 16 saker.

Skien 14. mars 2016



---

Tor Erik Baksås  
Styreleiar

---

Bjørg Tveito Lundefaret  
Nestleiar

---

Steinar Arntzen  
Styremedlem

---

Tone Sofie Dale Solvang  
Styremedlem

---

Roger Heimdal  
Styremedlem

---

Signy Gjærum  
Styremedlem

---

Tarjei Gjelstad  
Styremedlem

---

Mette Haugholt  
Styremedlem



---

Pål Kleffegård  
Dagleg leiar

## 2. Innsats og resultat i regionalparken i 2015

*Årsmeldinga følgjer mål og innsatsområde i strategisk handlingsplan 2012-16, med revisjon i styret 16.mars 2015. Rekkefølga er endra slik dei områda vi har arbeid mest med kommer først.*

### Hovudmålet er ein betre besøkt reiselivsattraksjon

- *Antal besøkande skal auke med 10 % frå 2012 til 2016 på dei målbare attraksjonane.*

Målet om ein betre besøkt reiselivsattraksjon omfattar både dei tradisjonelle signaturprodukta, kanalbåtar, fritidsbåtar og besøk på sluseanlegga, og opplevingstilbodet elles, musea, spisestader, overnatting, aktivitetar osv. Det er ei utfordring å få sikre tal for det samla besøket i regionalparken. Vi har relativt pålitelege tal for kanalbåtane, fritidsbåtar i slusene og stader med elektroniske teljarar. Elles må vi basere oss på rapportar frå eit utval aktørar og det generelle inntrykket frå sesongen. Sjå nøkkeltal på side 13.

Hovudtal i 2015 og utviklingstrekk:

- **Kanalbåtane** i rute hadde 17 094 passasjerar, ei auke på 8 prosent frå 2014. Talet har helde seg om lag på same nivå sidan 2012. Kanalbåtane i charter hadde 3 535 passasjerar, ein nedgang på 50 % frå 2014. Talet har helde seg om lag på same nivå sidan 2012, med variasjonar knytt til store arrangement som PS14 i 2014.
- I 2015 var det 434 **fritidsbåtar** som passerte Skien sluse og 191 som passerte Ulefoss sluse, ein nedgang på 23 og 24 prosent frå 2014. Talet på fritidsbåtar har vist ein nedgåande tendens over mange år.
- Vel 86 000 personar **besøkte sluseanlegga** på Løveid, Vrangfoss og Lunde i 2015 frå mai tom. september.
- Innsamla nøkkeltal frå **aktiviteter og verksemdene** viser at besøket anten var som i 2014 eller hadde god auke. Spesielt har del ulike museumseiningane og camping hatt stor framgang frå 2014 til 2015.

Kommentarar til tala:

- Vi må konstatere at passasjertalet på kanalbåtane dessverre ikkje aukar og at talet på fritidsbåtar minkar. Vi arbeidar på mange frontar for å snu dette, men trur at nøkkelen ligg i eit betre organisert salsapparat, sjå meir på side 9.

## Regionalparken som samarbeidsplattform

- *Ein samarbeidsplattform bak scenen*
- *Ein nettverksorganisasjon for eigarane*
- *Informasjon og synlegheit*

Telemarkskanalen regionalpark er **eit interkommunalt samarbeid** etter Kommuneloven § 27.

Den er organisert som ein nettverksorganisasjon, med **liten administrasjon og stort nettverk**. Det er to fast tilsette på heiltid, dagleg leiar Pål Kleffegård og prosjektkoordinator Frida Sviland, pluss tilsette hos eigarane som arbeider med regionalparken på deltid. I 2015 blei kulturnettverket lagd ned og integrert i den administrative ressursgruppa. Den har hatt fire møte og fagnettverk for landskap to møte.

Administrasjonen har eit nyttig **kontorfellesskap med Telemarkskanalen FKF** på fylkeshuset i Skien. Arbeidsmiljøet er godt og fråværet ubetydeleg. I desember 2015 vedtok fylkestinget: «Rådmannen bes vurdere muligheten for å flytte arbeidsplasser knyttet til Telemarkskanalen og Regionalparken til Nome».

Regionalparken har mange store og små **prosjekt som er sett ut** til prosjektleiarar hos kanal-kommunar, destinasjonsselskap og næringselskap i regionalparken. I tillegg bruker vi private konsulentselskap der det er naudsyn for å få rett faglege kompetanse.

**Årsbudsjettet** 2015 var på 2,8 mill. som er finansiert av eigarane og som går til administrasjon og utviklingstiltak. Sjå elles årsrekneskap 2015.

**Styret** har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tor Erik Baksås. Det har hatt tre styremøte og har handsama 16 saker.

I mars vedtok styret ein **revisjon av strategisk handlingsplan** for regionalparken 2012-16. Det blei det slått fast at det viktigaste suksesskriteriet er auka besøk, altså vekt på reisemålsutvikling. Det blei gått opp eit skilje mellom regionalparken som samarbeidsplattform og Telemarkskanalen som reisemål. Vi skal halde fram å bruke merkenamnet Telemarkskanalen i marknadsføring av regionalparken som reisemål. Det blei ei tydeligare rolledeling mellom det regionalparkens eigarar har ansvar for kvar for seg, og det regionalparken skal gjennomføre vha. administrasjonen.

Det årlege **Parkmøtet** blei lagt til 14. januar 2016. Der var 50 deltakarar frå offentleg, privat og friviljug sektor (57 i 2013 og 70 i 2014). På programmet var eit kortseminar om kundereisa og ein brei presentasjon av framlegg til marknads- og utviklingsplan.



I 2015 sende regionalparken ut fire elektroniske **nyhende**brev (tre i 2014) til 482 mottakarar. Det har gitt grunnlag for fleire nyhendeoppslag i media. I tillegg blir nyhende spreidd jamt til aktørane via Telemarkskanalen.no og på Facebook.

## Reiseliv og anna næring

- **Ein betre besøkt reiselivsattraksjon.**

I 2014 starta vi det toårig prosjektet **kvalitetsutvikling med hemmelege gjester** for å styrke kvaliteten på opplevinga for gjestene og lønnsmda til aktørane. Metoden var utvikling av felles kvalitetsmål, evaluering med hemmelege gjester og kompetanseheving der vi så behovet. Dei fleste aktørane frå 2014 blei også med i 2015 og noen nye kom til. Til saman var 54 verksemder med. Prosessen i 2014 viste at vi hadde mykje å hente på meir aktiv salsinnsats, så i 2015 arrangerte vi fleire kurs i sal & service for til saman 86 deltakarar. Pluss at vi hadde ei ny runde med kanalquiz for å auke kanalkunnskapen hos dei tilsette. Prosjektet fekk god oppslutning, aktørane oppfatta det som eit nyttig verkty, regionalparken utvikla eit tettare forhold til næringsaktørane og vi fekk mykje positiv medieomtale.

Strategisk handlingsplan er berre retta mot eigarane og administrasjonen og omfattar ikkje aktørane i regionalparken. I 2015 blei det utarbeid ein **marknads- og utviklingsplan** som kan samle alle aktørane. Som eit ledd i arbeidet var det studietur til Göta kanal med 23 deltakarar. Framlegg til plan har fire strategiske innsatsområde; organisering m/partnarskap, opplevingsutvikling, marknads-tilpassing og nye kanalløft. Den blei presentert for aktørane på Parkmøtet i januar 2016 og blir lagt fram for styret til vedtak i mars 2016.

Landskapsanalysane som blei gjennomført i kanalkommunane i 2013-14 ga opphav til ei forstudie om nye element av arkitektur, kunst og lys som kunne tilføre noe nytt og skape auka merksemd. Dette blei vidareutvikla i 2015 under tittelen **Vannveiens fortellinger**. Vi starta arbeidet med finansiering, og fekk 4 mill. frå Sparebankstiftelsen Dnb. Ideane for Ulefoss og Dalen blei vidareutvikla av tverrfaglege designteam og det er mogeleg å sjå for seg at desse elementa kan komme på plass i 2017, når Bandakkanalen er 125 år.

Arbeidet med å utvikle **attraksjonsklynger** heldt fram i 2015 med midlar frå VSP park 2014, med start av to nye hovudprosjekt 2015-16.

- Kanalbyen Skien: Tilrettelegging og marknadsføring av båttur Løveid-Skien, 80 passasjerar. Kanaluke med stort program i mai, 700 deltakarar. Telemarkskanalen og Ibsen, bl.a. med rabatt

på båttur for besøk ved Henrik Ibsen museum. Turstiar langs kanalen i Skotfoss og Skien sentrum. Mogelegheitsstudien på Smiøya blei avslutta i juli 2015 med ein rapport om tilgjengelegheit for gåande og sykkel, samt tilstanden på PM5.

- Verdsarven Notodden: Regionalparkens filmen 'Telemarkskanalen – vannveien til verdensarven' hadde premiere i Bok & Blueshuset 1. desember, 100 publikumarar. Filmen skal brukas i formidling av verdsarven i vidaregåande skule frå skuleåret 2016/17. Start av delprosjekt for å auke besøk til verdsarven med fritidsbåt på kanalen, samt en utstilling om kanalens betydning for industriutviklinga på Lysbuen.

I samband med innspel til ny regional strategiplan for idrett og friluftsliv hadde vi ein ny gjennomgang av plan for **leirplassar** frå 2013. No la vi meir vekt på å ta i bruk historiske brygger og hus til enkle overnattingar. Målet er å realisere planen skrittvis, med spelemidlar.

1. juli 2015 opna Vest-Telemark museum ein utandørs **kanalmodell på Eidsborg** med 14 sluser, kanalbåtar, tømmerflåter osv. der barnefamiljar og skuleklasser kan prøve seg på slusing. Museet melder om stor interesse og godt besøk gjennom sesongen. Regionalparken bidrog med 100 000 kr til formidling.

Regionalparken arbeider med å utvikle **Vrangfoss slusepark** til eit besøkscenter for kanalhistorie med ei skrittvis utvikling etter ein formidlingsplan. I 2015 blei det rydda i skilt på p-plassen og vi organiserte guida turar, som det dessverre ikkje var så stor interesse for. Vi arbeide også med planar om ein moderne utkikkplattform øvst i anlegget, for å skape ein ny attraksjon i det gamle. Men søknaden til Sparebankstiftelsen Holla-Lunde blei avslått og planen er førebels lagd på is. I tillegg starta vi arbeidet med historiske foto i Cafe Slusemesteren og i bryggarhuset, informasjonsskilt og ein kanalmodell med multimedievisning av kanalhistorie i låven. Alt dette kommer før sesongstart i 2016.

Hausten 2014 sette regionalparken i gang arbeidet med ein **skiltplan** for einsarta og oppdatert skilting frå veg til sluseanlegg og brygger med anløp for kanalbåtar. Hausten 2015 blei planen politisk godkjend av kommunane og vi har etablert dialog med Statens vegvesen som skal iverksette planen over tid, pluss at regionalparken sjølv har noe midlar til skilting i 2016. Før arbeidet kan komme i gang ventar vi på ei avklaring frå Vegvesenet når det gjeld bruk av kulturhistoriske skilt med slusesymbol på kanalbryggene.

Rapportar frå dei hemmelege gjestene viser at vi framleis har ei utfordring når det gjeld **lokal mat**. Både når det gjeld å tilby og å marknadsføre lokale råvarer og rettar. Vi har leita etter måtar å gripe dette an på. Hausten 2015 etablerte vi eit samarbeid med fylkesmannen og prosjektet Regional matkultur med sikte på å tilby noen inspirasjonssamlingar for aktørane om dette før sesongen 2016.



## Marknadsføring og sal

- *Bruke Telemarkskanalen som marknadsnamn for regionalparkens område, sjølve kanalen og kanallandskapet elles. Framheve at Telemarkskanalen består av to løp.*
- *Samarbeide med destinasjonsselskapa og aktørane om marknadsføring. Visit Telemark har en viktig rolle i å koordinere innsatsen.*
- *Arbeide for at Visit Telemark vidarefører og forsterkar rolla som felles marknadsførings- og salsorgan for aktørane i Telemarkskanalen.*

Diskusjonen om vi skal bruke Telemarkskanalen eller Telemarkskanalen regionalpark som **marknadsnamn** blei avgjort ved revisjon av strategisk handlingsplan. Der blei det slått fast at vi skal bruke Telemarkskanalen i når vi marknadsfører kanalen som turistattraksjon. Så bruker vi Telemarkskanalen regionalpark overfor aktørar og samarbeidspartnarar bak scenen.

Regionalparken brukte 244 000 kroner til **marknadsføring** i 2015. Av det gjekk 100 000 kr til eit spleiselag med Telemarkskanalen FKF og dei tre båtselskapa, til saman 433 000 kr., som Visit Telemark brukar til ulike annonsekampanjar. Resten brukte vi til utvikling av nettsida, kanal-magasinet og ulike kampanjar saman med aktørar og destinasjonsselskap.

Den nye **nettsida** blei lansert i januar 2015, ¾ år seinare enn avtalt med leverandøren. Kartet og sida for skuleborn er utett ytterlegare, til 2016. Sjølv om sida er ny og moderne er det behov for stadig vedlikehald og utvikling for å sikre at sida er brukarvenleg og salsfremjande.

I 2015 vidareførde regionalparken og Telemarkskanalen FKF samarbeidet om eit stort **kanalmagasin** på 32 sider som presenterte turisttilbodet på og langs kanalen. Opplaget på 22 000 på norsk og 3 000 på engelsk blei distribuert via turistkontor og aktørar i Telemark, i nabofylka og i Danmark, på messer osv. Magasinet fekk god mottaking. Det kommer nytt magasin i 2016. I 2015 utarbeide vi også ein liten brosjyre om kunst i uterom langs kanalen som blir tatt i bruk frå 2016.

Vi arbeide med tre ulike **filmar**. 'Telemarkskanalen – vannveien til verdensarven' på 30 min som hadde premiere på Notodden i desember. Ein kort reklamefilm og ein kort historisk film kjem våren 2016.

I noen år har det vore ein prosess om **organisering av felles salsapparat** for Telemarkskanalen. Visit Telemark har hatt ansvar for salet i mange år, basert på provisjon. Men i 2014 sette styret i Visit Telemark spørjeteikn ved om dette skulle halde fram fordi det var usikkert om provisjonen dekte kostandane. I revisjon av strategisk plan for regionalparken blei det nedfelt at det er viktig å ha eit

felles salsapparat for kanalen. Dagleg leiar, som er varamedlem til styret i Visit Telemark, engasjerte seg aktivt i saka, i nært samarbeid med båtselskapa. Dette har vore ein krevjande prosess, som etter kvart også omfatta alternativet å ta salet ut av Visit Telemark. Ved årsskiftet var ikkje utfallet avklart.

## Finansiering av utviklingsprosjekt

- Skaffe eksterne midlar til finansiering av utviklingsprosjekt i regionalparken.

I 2015 har vi retta oss spesielt inn mot private stiftingar.

- Søkte Sparebankstiftelsen Dnb om 12 mill kroner til 'Vannveiens fortellinger' og fekk **4 mill kroner** til dei to første prosjekta. Vi reknar med å komme tilbake til Sparebankstiftelsen Dnb med nye søknadar framover.
- Søkte fylkeskommunen og fekk **300 000 kroner** til VSP park 2014 'Telemarkskanalen – ein synleg attraksjon'.
- Søkte Sparebankstiftelsen Holla-Lunde om 300 000 kroner til utviklingsplattform på Vrangfoss, og fekk avslag.
- Søkt Sparebank 1 Telemark, Sparebankstiftelsen Holla-Lunde og Sparebankstiftelsen Skien om 5 mill. til 'Vannveiens fortellinger'. Søknad er enno ikkje behandla, dialog pågår.
- Søkt Statkraft om 900 000 kroner til 'Vannveiens fortellinger'. Søknaden er enno ikkje behandla, dialog pågår.

## Landskapsforvaltning


- *Auke kompetansen når det gjeld landskapsforvaltning hos regionalparken sine eigarar og aktørar, som grunnlag for å lage realistiske og langsiktige skjøtelsesplanar der det er viktigast for reiselivet.*
- *Gjennomføre konkrete skjøtelses- og tilretteleggingstiltak som styrker landskapsopplevingane og aukar aktiviteten i kanallandskapet.*
- *Mobilisere frivillige krefter til vedlikehald og skjøtsel i kanallandskapet.*

**Fagnettverket** for tilsette hos eigarane har hatt to samlingar, der det blei presentert aktuelle FoU-prosjekt i kanallandskapet og drøfta utvikling av leirplassar i samband med revisjon av regional strategiplan for idrett og friluftsliv.

Landskapsanalysane i 2013-14, som blei vidareført i ein forstudie om arkitektur, kunst og lys i 2014, blei konkretisera i prosjekt på Ulefoss og Dalen i 2015. Sjå meir på side 7.

Regionalparken hadde øyremert 75 000 kroner for å stimulere til **skjøtsel, tilsyn og vedlikehold** i kanallandskapet. Det kom ikkje mange søknader, så midla blei fordelt på dei som søkte. Desse fekk tilskott i 2015: Tokke kommune fekk 25 000 kr til skjøtsel på Tangane, vannfronten på Dalen. Kviteseid Næringslag fekk 50 000 kroner til hogging og skjøtsel ved Kvitseidbyen for å få utsikt til Telemarkskanalen frå vegen. I tillegg bidrog regionalparken bidrog til avtale om rasteplass for sykkel på Kjærringodden ved Flåvatn med Cappelen og Statens Vegvesen, som skal byggast i 2016.

Regionalparken støtta Bergstod bryggelag med 70 000 kr i 2014 til stor restaurering av **Bergstod Brygge** øvst i Flåvatn. Arbeidet blei utført i 2015.



## Frivillig sektor

- Meir engasjerte, stole og involverte innbyggjarar.

Den samlande frivillige organisasjonen for Telemarkskanalen er **Telemarkkanalens venner**. Det er ein viktig organisasjon for utviklinga av kanalen og regionalparken har nært samarbeider med den. Prosjektkoordinatoren er med i styret og bidrar med informasjon og praktisk innsats. Venneforeininga er i fin utvikling og hadde eit aktivt år i 2015, m.a. med utsetting av fyrlykter, prosjekt for å restaurere og ta vara på Muddern i Lunde og med godt besøkt ope møte om kanalhistoria.

Elles er dei fleste relevante organisasjonar på lokalt nivå. Etter revisjon av strategisk handlingsplan er kontakten med dei frivillige fyst og fremst hos den einskilte kommune.

## Kunnskapsutvikling og formidling

- *Skape interesse for og utvikle kunnskap om lokale ressursar som grunnlag for vekst og trivsel.*

Etter invitasjon deltar regionalparken i forskingsprosjektet **Heritage routes**, om når kulturarven, i form av gamle ferdselsveger gjennom landskapet, blir gjort til en vare, i regi av tre nasjonale forskingsinstitutt. Pilegrimsleden til Nidaros deltar også. Prosjektet går frå 2015 til 2017 og er finansiert av Noregs Forskingsråd. Vi legg ikkje inn pengar, men noe arbeidskraft. Grunnen til at vi blei med, er at det kan gje regionalparken ny kunnskap og merksemd hos styremakter og i forskingsmiljø.

## Nasjonale og internasjonale nettverk

- *Utveksle kunnskap med andre regionalparker og fagmiljø.*
- *Bidra til forankring av regionalpark-konseptet som utviklingsstrategi.*

Regionalparken er medlem av **Norske parker**, organisasjonen for lokale og regionale parker, og deltar i verksemda. Daglige leiar Pål Kleffelgård er medlem av styret. Det er no åtte etablerte parkar, pluss en del parkprosjekt.

Regionalparken er medlem av eit **nettverk for europeiske vannvegar** (NIWE) som tidlegare har vore med i interregprogramma Water City, Waterways Forward og Waterways for Growth. I 2015 var det fire møte for å drøfte prosjektsamarbeid i den neste Interreg-runde som blei opna i 2015.

Regionalparken har meld seg interessert i eit initiativ frå Antwerpen-regionen, Blue Hubs, som gjelder utvikling av knutepunkt mellom kollektivtrafikk, kanal, sykkel, vandring osv.

### 3. Nøkkeltal for 2015

#### Bakgrunn - frå utkast til årsmelding frå Visit Telemark

- I Telemark auka talet på overnattingar i 2015 (januar-desember) med 2,9 % frå 2014.
- Den nasjonale marknaden auka, norske gjester med 1,7 % og utanlandske med 9,4 %.
- Marknadsdelen til Telemark gjekk litt ned, frå 3,7 til 3,6 %
- 82,9 % av gjestene var norske
- Telemark har mange fritidsbustader, som ikkje blir målt i denne statistikken.

Kanalbåtar i rute - passasjerar	Sum	Diff	Diff %
2011	20 390		
2012	17 038	-3 352	-16
2013	19 533	2 495	15
2014	15 814	-3 719	-19
2015	17 094	1 280	8 %

Kanalbåtar i charter - passasjerar	Sum	Diff	Diff %
2011	3 786		
2012	2 947	-839	-22
2013	2 732	-215	-7
2014	7 093	4 361	160
2015	3 535	-3 558	-50 %

- Den store nedgangen i charter frå 2014 til 2015 skuldast ekstraordinært høge tal i 2014, då både MS Victoria og MS Telemarken var med på teaterframsyninga PS14.
- M/S Skarsfos AS melder at dei ei fornøgde med sesongen. Dei har hatt ca. 50 charterturar med 1 800 passasjerar, som er ei lita auke frå 2014.

Fritidsbåtar i sluser	2012	2013	2014	2015	Diff	Diff %
Skien sluse	590	602	565	434	-131	-22
Ulefoss sluse	231	261	240	191	-49	-19

- Frå 2012 til 2015 er talet i Skien sluse minka med 156 båtar (26 %)
- Frå 2012 til 2015 er talet i Ulefoss sluse minka med 40 båtar (17 %)

Besøk på	2014	2015	Endring	2014	2015	Endring	2015	Merk
sluseanlegg	juli - sept	juli-sept	prosent	juli-des	juli -des	prosent	mai-sept	
Lunde	28 717	33 397	16	30 697	35 582	16	58 647	Satt opp 2. juli 2014
Løveid							14 108	Satt opp desember 2014
Vrangfoss	10 455	9 265	-11	12 056	10 662	-12	13 860	Satt opp 2. juli 2014
<b>Sum</b>	<b>39 172</b>	<b>42 662</b>	<b>9</b>	<b>42 753</b>	<b>46 244</b>	<b>8</b>	<b>86 615</b>	

Gjestehavner	2014	2015	Merk
Skien - Langbryggene			Gratis, automat i 2016
Ulefoss gjestehavn			
Lunde slusepark			
Kviteseid gjestebrygge	120		Gratis
Lastein båthavn på Dalen	164	110	
Akkerhaugen Vest			
Norsjø Ferieland			
Nesøya gjestehavn, Notodden			

Aktivitet langs kanalen	2014	2015	mai-sept 15	Merk
Fisk - fiskekort på Dalen	350			
Utleie kano/kajakk/sykkel Telemark kanalcamping				Økte med 47 %
Sykkel på Hogga-veien (Vegvesenets teller)		3 389		2/6-4/10 m/forbehold
Vandring på Ruistien, Dalen		7 377	4 631	Satt opp desember 2014
Vandring på Lårdalstigen				
<b>Sum</b>				

Kano/kajakk på kanalbåtene	2014	2015
MS Henrik Ibsen på båten	25	19
MS Telemarken på båten		
MS Victoria på båten	14	19
Visit Telemark for alle båtene	30	56
<b>Sum</b>	<b>69</b>	<b>94</b>

Sykkel på kanalbåtene	2014	2015
MS Henrik Ibsen på båten	72	68
MS Telemarken på båten		
MS Victoria på båten	64	73
Visit Telemark for alle båtene	485	468
<b>Sum</b>	<b>621</b>	<b>609</b>

Salg av kart og guider til bedrifter og private	2014	2015
Sykkelkart, norsk		80
Sykkelkart, engelsk		52
Padlekart, norsk		70
Padlekart, engelsk		42
Sykkelguide, norsk		510
Sykkelguide, engelsk		280
Padleguide, norsk		190
Padleguide, engelsk		180
<b>Sum</b>		<b>1 404</b>

Kanaluker/-dagar - publikum	2014	2015	
Kanalveka i Tokke	500	500	
Kanaluka i Skien	700	700	
Trebåters treff i Lunde			
Kanalveke og Victoriafestival i Kviteseid			
<b>Sum</b>			

Idrett - deltakarar	2012	2013	2014	2015	Merk
Kanalrittet på sykkel - Dalen - Lunde	530	730	890	705	Veldig dårlig vær i 2015
Kanalgedda			250	200	
Kanalrennet på rulleski i Lunde					
Telemarkspadler'n Notodden – Norsjø Ferieland	118	103	123	168	
Tiatlon i Lunde					
<b>Sum</b>					

Musikk	2012	2013	2014	2015	Merk
Gvarv - Kartfestivalen	4 000	3 100	4 600	4 400	Overskudd i 2015
Kjeldal sluse - Trekkspillfestival			500		
Lunde sluse - Blæsekonsert			150		
Lunde sluse - Sluserock			3 300	3 600	Ny rekord i 2015
Lunde sluse - slusetalenter			2 100		Anslag
Lunde sluse - Viser ved kanalen	850	650	770	730	
Notodden - Bluesfestivalen			30 000	35 000	
Skien live			1 500	1 500	
<b>Sum</b>			<b>42 920</b>	<b>45 230</b>	



<b>Museum osv.</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>Merk</b>
Heddal bygdetun	4 646	5 084	7 706	10 192	15. juni - 15. august
Heddal stavkirke		14 516	15 000	20 000	20. mai - 10. september
Notodden bluseum			1 900	2 500	Mai-september
Skien - Mat og Ibsen			320		
Telemark museum - Brekke	1 561	922	2 234	34 272	Ny tellemåte 2015, heile året
Telemark museum - Henrik Ibsen	878	1 191	2 052	6 085	Ny tellemåte 2015, heile året
Telemark museum - Ulefos Hovedgaard	499	672	1 378	3 215	Ny tellemåte 2015, heile året
Telemarksgalleriet/Lysbuen			3 500		
Ulefoss - Jern og kanalutstillingen		1 103	998		Marianne
Vest-Telemark museum, Eidsborg			12 601	16 346	Mai-september
Vest-Telemark museum, Kviteseid			1 740	1 870	Juni-august
Vest-Telemark museum, Dalen Bryggje + kraftverk			217	4 265	Mai-august, ny tellemåte
Øvre verket					Ikke tal, men stor auke i 2015
<b>SUM</b>			<b>49 646</b>	<b>98 745</b>	

<b>Diverse arrangementer/aktiviteter</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Matfestivalen Mersmak		60 000	55 000	50 000
Piratshow i Norsjø ferieland				
Bø Sommarland	96 000	129 000	146 000	134 000
Norsjø kabelpark				3 500
<b>Sum</b>			<b>201 000</b>	

<b>Camping osv.</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>Merk</b>
Lunde Vandrerhjem	1 420	1 616	1 823	Juni-august
Lystang Camping	2 214	2 150	2 706	Juni-august
Norsjø Ferieland	18 276	18 053	19 235	Juni-august
Telemark Kanalcamping	6 977	6 983	12 444	Erling
Hogga bobil	1 350	1 450	1 089	
Nesøya bobilcamp Notodden		1 000		
Dalen brygge bobil		370	204	
Notodden camping		2 600		
<b>Sum</b>		<b>34 222</b>	<b>37 501</b>	